

# Kongsberg kirke, 20211017

## Sørgegudsteneste

### Kjærleiken som er sterkare

Kjære alle saman.

Fred vere med dykk.

#### 1.

Vi søker saman her under kyrkjas høge kvelving, fordi vi treng kvarandre. Treng påminninga om at vi hører saman, særleg når vi har stått ansikt til ansikt med dødens mørke.

Nyheitene om dei grufulle drapa har rysta heile landet vårt og opprørt menneske langt utafor Norges grenser.

Fem menneske er døde. Frårøva livet på brutalts vis. Fem enkeltragedier – og summen av dei utgjer ei stor tragedie for dette lokalsamfunnet og for heile nasjonen vår. Vi har alle fått ei ubehageleg påminning om kor sårbart livet er.

Det er mange ubesvarte spørsmål, og dei fleste av dei må vi overlate til politiets etterforsking og helsevesenets vurdering og behandling å gi oss svar på.

Vi kan ikkje gjere ugjort det som er skjedd, men vi vil så godt vi kan dele trøyst, så ring om dei sorgande, fortelle at vi lir med dei såra og føler med dei pårørande.

#### 2.

Salmediktaren Svein Ellingsen vart fødd her på Kongsberg, og då han døydde 90 år gammal i fjor, etterlot han seg ein stor salmeskatt som vil halde fram med å trøyste og gi erkjenning og gjenkjennung i krisetider. Om litt skal vi synge saman og lytte til to av hans salmar.

Mange vitnar om at nettopp fortvilinga og mørket i tekstane hans er det som treff oss.

Eit av versa i ein av salmane hans lyder slik:

*Midt i alt det meningsløse  
som vi møter her på jorden,  
blir vårt hjertes skrik til bønn.  
Gud, vi roper: Om du finnes,  
finn oss, redd oss når vi synker  
i vårt eget tomhetsmørke.*

I denne gudstenesta er det rom for *hjertets skrik*.

*Om du finnes, finn oss, redd oss når vi synker i  
vårt eget tomhetsmørke.*

Det har ikkje så mykje for seg å bruke masse krefter på å lage fine og velformulerte bønner, i trua på at Gud skal la seg imponere eller overtale. Slik ein far og ei mor utmerka godt forstår det lille barnets behov når det kjem oppløyst i tårer, vågar vi å tru at Gud veit kva vi treng før vi har eit ord på tunga.

Den viktigaste hjelpa trua kan gi oss startar i den nakne, usminka ærlegdomen. Det er når vi ærleg erkjenner at vi famlar og snublar i mørke vi kan oppleve at lyset trengjer gjennom til oss.

Etter Langfredagens mørke kjem soloppgangen påskemorgon med budet om det nye livet.

#### 3.

Den tyske teologiprofessoren Jürgen Moltmann besøkte Norge for nokre år sidan. På 1960-talet utga han boka Håpets teologi, som gjorde han kjend over heile verda.

Som ung gut og soldat i Hitlers hær hamna han i engelsk krigsfangenskap, og der skulle han de-nazifiserast og førast tilbake til samfunnet. Heimlandet låg i ruinar, både fysisk og moralsk, og han hadde mista alt håp. Det var ingenting å vende tilbake til.

Men i mørket fekk han sjå Guds lysande ansikt.

- Jesus fann meg, fortel han.

- Han kom til meg då eg leste orda frå ein klagesalme i Det gamle testamente, der det står «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlatt meg?»

Og så leste eg i Markusevangeliet at det var nettopp desse orda Jesus ropte ut på korset i sin dødstime. Da følte eg at eg har ein bror som forstår meg midt i mi forlattheit.

Ei natt opplevde han at kameraten som låg ved sida av han vart råka av ei bombe, mens han sjølv blei spart. Ut av den natta kom han med to spørsmål: Kvar er Gud? Og kvifor er ikkje eg død?

Så seier han:

- Desse spørsmåla har eg brukt resten av livet på.

Og svaret hans er at Gud lir med dei som lir.

- Han er ofra saman med ofra. Livet mitt fekk meinинг med tru, håp og kjærleik da eg forstod det.

#### 4.

Svein Ellingsen sleit sjølv med depresjon og ein grunnleggande følelse av utanforskap. I periodar var han innlagt til psykiatrisk behandling, og salmane hans kan lesast som ein langsom veg ut av tausheita. Trua og tvilen kjempar om plassen. Angsten og det psykiske mørket kjem i tekstane til uttrykk som grunnleggande menneskelege erfaringar.

*Det er vår egen time,  
vi står ved mørkets port  
og ser den siste strime  
av jordisk lys do bort.*

*Inn i vår død du skuer  
den endeløse stund  
da angstens flammer luer  
i natten uten bunn.*

I sorgas mørke og dødsskuggens landskap er det sjeldan orda som er til størst hjelp, men det å oppdage at eg ikkje er åleine.

Den viktigaste tenesta vi kan gjere kvarandre er å vere der, vere til stades. Sitte ved bordet, kanskje taust lyttande, ventande. Mens lyset er tent.

Slik kan vi ta vare på kvarandre, med respekt for våre forskjellar – både innvendige og utvendige. Så vi kan bekrefte det mangfaldet som berikar fellesskapet vårt, leve fredfullt side om side og anerkjenne at vi alle framfor noko ønskjer å leve gode liv i trygge rammer.

Og eg tillet meg å legge til ei sterk oppfordring til oss alle: la oss uthaldande avvise kommentarfelta forsøk på å skape spenningar og gi hatretorikken rom.

#### 5.

Vi kan ikkje slutte å tru på godheita, kan ikkje sleppe taket i håpet. Vi må ikkje resignere, men gi håpet næring.

Det trivast best i fellesskapet med dei andre, mens håpløysa har best vekstvilkår i einsemda og isolasjonen.

Etter skildringa av mørket og dødsskuggedalen vender Ellingsen-salmen frå vinter til vår, frå natt til dag, frå død til liv.

Denne vendinga er det grunnleggande bøyingsmønsteret i den kristne trua. Kjærleiken overvinn mørket og hatet, når Jesus seirande står opp frå dei døde.

*Din korsvei skal jeg finne.  
Du møter meg på den.  
Din kjærlighet skal vinne  
mitt tapte liv igjen.*

*O, Herre, du vil bære  
ditt kors i alles sted.  
Deg være evig ære!  
Du er vårt liv, vår fred.*

*Ære være Faderen og Sønnen og Den hellige ånd,  
som det var i begynnelsen, så nå og alltid og i all  
evighet. Amen.*